



Referat frå møte – Den kulturelle skulesekken – 8. september 2014

Frammøtte: Inger M. Ellingsen, Vigdis Villanger, Anne Elisabeth Waage, Jarnfrid Gunnarson, Hanne-Mari Engen, Lin Tove Thomassen

Sak 1.

Oppsummering våren 2014.

Arrangementa Den første dirigenten og innføring i animasjon som gjekk via den fylkeskommunale ordninga vart nemnd som to veldig populære arrangement.

Lokalt har vi hatt passeleg mengde arrangement.

- Steinalderdagane for 4. klasse. Alle barneskulane deltok. Eit vellukka arrangement, som gjerne kan bli eit fast årleg arrangement.
- Forfattarbesøk for 4. og 5. klasse. Bente Brattland besøkte skulane. Alle barneskulane deltok. På Austebygd deltok også 3. klasse. Eit vellukka arrangement.
- Skrivekurs og teatertur for ungdomsskuleelevar vart også gjennomført. Representant for ungdomskuletrinnet deltok ikkje på møtet og vi kjenner ikkje til erfaringane med aktivitetane.

Sak 2.

Plan framover

Barneskulane har eit stramt opplegg for hausten, og kan ikkje sjå at det er rom for å legge inn fleire arrangement i haust. Det er 3 DKS tilbod som kjem frå fylkeskommunen som skal gjennomførast. Biblioteket har mykje aktivitet i haust og må utsetje DKS aktivitetar til våren.

- 5. og 7. klasse på Hordabø skule deltek på fylkeskommunalt arrangement på Lygra i haust. Dette omhandlar kystkultur, båtkultur. Midlar til skyss må dekkast av lokal DKS.
- 8. klasse kan få tilbod om trommekurs, dersom vi er snar med å melde dei på.
- 9. klasse skal gjennomføre skrivekurs. Ungdomsskulen skal gjere dette sjølv ( Ein liten digresjon - Er litt usikker på dette sidan det i fjor var eg som var involvert. Dei overtok arbeidet etter at forfattar og dato var på plass. Om Anne Elisabeth kan hjelpe til med å få ein forfattar på plass, trur eg ungdomsskulen hadde vore fornøyd)
- Hordabø skule arbeider med å få til ein dag med Nordhordland husflidlag. T.d. kipebinding. Skulen må sjekke ut kva opplegg dei ønsker. Det vil vere midlar til ein slik aktivitet via den lokale DKS potten.

- Manger skule skal gjennomføre arrangementet på Bogatunet neste skuleår og tenker det er naturleg å utvide tilbodet. Kanskje dette kan skje saman med husflidlaget? T.d. kurs i spikking, taubinding.
- Det er eit ønske om fast årleg steinalderdag på Straume for 4. klasse om våren
- Biblioteket lagar til forfattarbesøk for alle skulane. Gruppa diskuterte litt rundt kva årstrinn som skulle få tilbodet. Det kom eit forslag om 6. og 7. klasse. Det var ingen som hadde innvendingar til dette.
- Kunstprosjekt for 5. klasse er eit ønske om å få på plass. Tidlegare år har skulane hatt eit grafikkprosjekt gjennom Radøy kunst senter. Det var vanskeleg å organisere, og gruppa ønsker at Bente skal sjå om det er mogleg å få til eit prosjekt som kan gjennomførast, eller om vi må akseptere at dette er eit tilbod som må gå ut.
- Det var også eit ønske om å lage til eit opplegg rundt smia på Kvalheim.
- Gruppa har ikkje følgt opp planen for 1. til 4. årstrinn. Biblioteket vil sjå om det er mogleg å få til eit teater seint på våren evt hausten neste år.

### Sak 3.

Bogatunet – Ein skuleklasse verkeleggjer kvardagslivet frå 1850.

Sæbø skule gjennomførte arrangementet ved Bogatunet i august. Radøy sogelag gjorde ein strålende innsats og gruppa er positiv til at dei får kr 5000,- til arbeidet.

Alle skulane besøkte Bogatunet, første dagen vart det eit problem at så mange kom samtidig. Nokre grupper rakk ikkje gjennom heile opplegget. Vart det organisert noko rundt påmeldingar?

### Sak 4.

Midlar og rapportering

Vi har fått om lag 70 000 for 2014 for gjennomføring av DKS prosjekt. I tillegg har vi midlar frå tidlegare år som kan nyttast.

Frå i år av er det gjort endringar i rapportering. No skal vi rapportere både aktivitetar og rekneskap for kvart år.

### Sak 5

Ymse

Musikkskulen ønskjer å sjå på om det er mogleg å tilby arrangement til elevane sine via DKS. Som ein skule med betalende elevar kan ikkje denne skulen likestillast med offentleg skule. Rektor sjekkar ut kva som er blitt gjort hjå andre kommunar som har opna for dette, medan vi sjekkar ut retningslinjer rundt dette.

Legg vi plan for aktivitetar framover utan å kjenne til kva som er av tilbod?

Vi har ein plan for kva tilbod vi ønskjer å gje ulike årstrinn.

Gruppa er samd i at vi skal bruke lokale ressursar der det er mogleg.

Postmottak får stadig tilbod om arrangement. Vi lagar ei DKS gruppe på Outlook, slika at alle kan sjå kva tilbod som kjem inn til Postmottak.

(Eg meinte at vi kunne finne ei oversikt over aktørar som var interessert i å skape arrangement via DKS. Denne sida kan eg ikkje finne igjen.)

Heftet *Barn i byen* kjem ut i Bergen. Eit hefte med ulike aktivitetar, med namn og nr. Her kan det vere nokre aktørar som passar for våre skular også.

Ref. Lin Tove Thomassen